

Kulturstrategi

Kunst, kultur, idrett og friluftsliv

Midt-Telemark kommune 2022 – 2025



Vi skaper framtida saman

Innhold

Innhold.....	2
01 Innleiing.....	3
02 Forankring og framdrift.....	3
03 Status og utfordringar	3
Særskilte tilhøve.....	4
04.....	5
Aktuelle mål for kunst, kulturarv, kultur, idrett og friluftsliv i kommuneplanen.....	5
05 10 satsingsområde i kulturstrategien.....	5
1 Samskaping, kunnskap og utvikling.....	5
2 Berekraft og handlingsrom.....	6
3 Kunst- og kulturaktivitet i folkehelse	6
4 Inkludering	7
5 Stadutvikling.....	7
6 Bibliotek, litteratur og lesing.....	8
7 Gullbring - eit regionalt kulturhus og senter for folkehelse	8
8 Kulturskole - musikk, dans, teater og visuell kunst for barn og unge	8
9 Idrett og friluftsliv - sterkt og levande.....	9
10 Kulturarv og kulturmiljø	9
06 Oppfølging.....	10
07 Referansar og kjelder	10

01

Innleiing

Dersom ein skal klare å løyse dagens og framtidens utfordringar og forsterke dei positive utviklingstrekk i Midt-Telemark, er ein avhengig av å arbeide langsiktig og strategisk etter eit tydeleg planverk. Kulturstrategien er ikkje ein kommunedelplan, men eit strategisk styringsdokument med prioriterte satsingsområde for kunst, kultur, idrett og friluftsliv. Strategien følgjer opp mål og strategiar i samfunnsdelen til kommuneplanen, men også andre føringar og politiske vedtak. Dokumentet er eit førebuande grunnlag for vegval i ein seinare kommunedelplan for kultur- og fritidsområdet.

Kultur spelar ei viktig rolle i det å utvikle lokalsamfunnet, nettopp fordi kunstuttrykk, frivillig, fysisk og kulturell aktivitet er så sterkt knytt til yringsfridom og demokrati – og til identiteten vår, til staden og til kjensla av å høyre til. Kulturstrategien skal bidra til auka kunnskap om lokal idrett, friluftsliv, kunst, kulturarv og kultur, betre informasjon om tenester, aktørar og aktivitetar, betre dialog, rom og retning for fagleg utvikling, - basert på samskaping og samarbeid.

Framsidedo: Telemarkfestivalen – frå tingingsverket Haugebonden frå 2019

02

Forankring og framdrift

Strategien er forankra i kommuneplanens samfunnsdel 2019-2031, interkommunal kulturminneplan for Bø og Sauherad 2016-2028 og frivilligstrategi for Midt-Telemark kommune 2021-2025. Behov og utfordringar er identifisert på bakgrunn av offentlege indikatorar og statistikk, som til dømes Norsk kultur- og idrettsindeks (Telemarksforskning), Ung Data, Folkehelseprofilen og Kommunebarometeret. Strategien utarbeidast i 2022-2023 med kommunestyret som prosjekteigar, OK-utvalet som styringsgruppe og ei administrativ arbeidsgruppe i eining for kultur og fritid. Strategien drøftast også med ei intern referansegruppe som består av fagleiarar, verneombod, tillitsvalde og fagansvarlege i kultureininga, og i ei ekstern referansegruppe med representantar for kulturnettverk, idrettsråd, museum, studentkultur, forskning, utdanning, kunstnarar, galleri, næringsliv og friluftorganisasjonar.

Høyring og politisk behandling

Strategien leggst ut på høyring 12.12. 2022 – 1.2. 2023, og vil bli behandla i råd, politiske utval og kommunestyret mai-juni 2023. Handlingsplanen blir utarbeidd våren 2023 som ledd i budsjettarbeidet for 2024 og økonomiplanperioden.

03

Status og utfordringar

Midt-Telemark kommune er i vekst, og prognosane tilseier eit innbyggartal på om lag 11050 i 2030. Ein stor del av arbeidsplassane er knytt til industri, landbruk og besøksnæringar, og Universitetet i Sørøst-Noreg med sine om lag 2700 studantar på Campus Bø, utgjør ein motor for utvikling i regionen. Kommunen er ein internasjonal kommune med innbyggjarar frå 170 land. Eining for kultur og fritid høyrer til kommunalområdet til assisterande kommunedirektør. Eining for kultur og fritid forvaltar kommunen sitt lovpålagte ansvar for planlegging, tilrettelegging, opplæring og formidling på kunst-, kultur- og idrettsfeltet, og er ein viktig samarbeidspart for frivillige lag, organisasjonar, arrangørar og institusjonar. Kulturskolen er ei lovpålagt teneste gjennom heimel i Opplæringslova. Biblioteket er pålagt gjennom Lov om folkebibliotek. I tillegg legg FN sine mål for berekraft og Kulturlova føringar for kommunen sine kultur- og frivilligpolitiske prioriteringar.

Særskilte tilhøve

Drifta av Gullbring kulturhus blei overført frå Gullbring kulturanlegg AS til Midt-Telemark kommune frå 1.9. 2021. Det er Midt-Telemark Kommunale Eigedom AS som gjennom datterselskpaet Gullbring kulturanlegg AS, eig bygget og leiger ut til kommunen. Eining for kultur og fritid står som leigetakar og har ansvar for alle andre leigeavtaler i Gullbring. Gullbring er eit aktivum med potensiale som må driftast og utviklast i tråd med berekraftsmåla, både sosiale, klimamessig og økonomiske. Eit nytt folkebibliotek for Midt-Telemark kommune er vedtatt lokalisert til Gullbring. Eit nytt, moderne bibliotek tilpassa folketalet, - bygd i tilknytning til kulturhuset, vil auke attraktiviteten og senke terskelen ytterlegare. Dette kan utan tvil, vere eit vesentleg bidrag til å løyse nokon av utfordringane kommunen står overfor i høve til utanforskap og uhelse.

Utfordringar og indikatorar

Data frå [SSB](#), [Ung Data](#)¹, [Oppvekstprofilen](#) og [Folkehelseprofilen](#)² gir oss kvart år gode indikasjonar på særtrekk, utviklingstrekk og utfordringar i Midt-Telemark kommune på alle samfunnsområde. Kommunens krevjande økonomiske situasjon legg føringar og er ein premiss som veg tungt i dette arbeidet, men i denne situasjonen er det like fullt viktig å synleggjere utfordringar og behov, - og å kome med forslag til løysingar på kort og lang sikt.

Midt-Telemark kommune har prosentvis fleire barn som veks opp i familiar med låginntekt enn elles i landet. Det er store sosiale helseforskjellar både knytt til psykiske og fysiske helseplager. Ein ser og sosiale forskjellar knytt til deltaking i fritidsaktivitetar – både organiserte og uorganiserte, skuleprestasjonar, gjennomføring av vidaregåande skule, livsstil og levealder. I følgje Kommunebarometeret³ si kulturmåling for 2022, hamnar Midt-Telemark kommune på 325. plass. Dette er basert på KOSTRA-tal på områda fritidstilbod til barn og unge, driftstilskott til frivillige barne- og ungdomsorganisasjonar og tilskott til frivillige idrettslag og kulturorganisasjonar elles. I tillegg er gratis lokale til barn og unge lagt til grunn, - der Midt-Telemark kommune skårar svært lågt i og med at det i dag ikkje eksisterer eit slikt tilbod. Gjennom pandemien har medlemstal i organisert aktivitet gått noko ned, men dette ser ut til å betre seg noko. Fråfallet frå og med ungdomsskulealder i idretten har lenge vore stort. Deltaking i barneidrett ligg på 85% og fell til 57% i ungdomsidretten.

Norsk kulturindeks⁴(Telemarkforskning) er ei årleg oversikt som skal vise det faktiske kulturtilbodet, frivilligheita og kulturbruken i kommunen, samanlikna med andre kommunar. Bø kommune har gjennom fleire år vore rangert blant dei topp ti beste. Nå hamnar Midt-Telemark kommune lenger ned og utfordringane vi har identifisert er særleg på museumsområdet og generelt på deltaking og tilskot til lag og organisasjonar. I følgje Norsk idrettsindeks⁵ frå Telemarkforskning, rangerast Midt-Telemark kommune om lag på ein 230. plass når det gjeld idrettsaktivitet, anleggsdekning og utgifter kommunen brukar på idrett.

¹ Ungdata er lokale barn- og ungdomsundersøkelser der skoleelever over hele landet svarer på spørsmål om hvordan de har det, og hva de driver med på fritiden. Undersøkelsene er tilpasset barn og ungdom på mellomtrinnet (5.-7.-trinn), ungdomstrinnet og i videregående opplæring.

² Oppvekstprofilen viser noen av kommunens styrker og utfordringer, og kan benyttes i planarbeidet for barn og unge og deres oppvekstmiljø. Indikatorene som presenteres i profilen er valgt med tanke på å fremme barn og unges oppvekstmiljø, og må tolkes i lys av kunnskap om lokale forhold. Folkehelseprofilen er et bidrag til kommunens arbeid med å skaffe oversikt over helsetilstanden i befolkningen og faktorer som påvirker denne, jamfør lov om folkehelsearbeid. Det er FHI som publiserer disse profilene.

³ Kommunebarometeret er ei måling som utarbeidast av Kommunal Rapport kvart år. Her rangerast kommunane etter 151 nøkkeltal basert på KOSTRA, på tvers av 12 ulike sektorer.

⁴ Norsk kulturindeks er en årlig oversikt over kulturtilbud og kulturaktivitet i norske kommuner, regioner og fylker. Indeksen utarbeides av Telemarkforskning og er basert på registerdata fra en rekke offentlige etater, interesseorganisasjoner og foreninger.

⁵ Norsk idrettsindeks er en oversikt over idrettsaktivitet og idrettsanlegg i Norge utviklet av Telemarkforskning. I tillegg en analyse over forholdet mellom anlegg og aktivitet, samt andre tall som kan si noe om idrett- og friluftstilbudet.

04

Mål og strategiar i kommuneplanens samfunnsdel

Gjennom fire satsingsområde i samfunnsplanen skal lokalsamfunnet og kommunen som organisasjon utviklast. Under kvart satsingsområde er det definert langsiktige mål for korleis Midt-Telemark kommune skal sjå ut i løpet av planperioden (slik vil vi ha det). Under kvart mål ligg det strategiar for korleis kommunen vil arbeide for å nå målet (slik gjer vi det). Kulturstrategien bygger på relevante mål og strategiar under kvart av dei fire satsingsområda **Saman:** demokrati, identitet og samskaping - **Skaper:** attraktiv for næring, bustad og besøk - **Vi:** livsvilkår og levekår- **Framtida:** innovativt, smart og grønt Midt-Telemark.

Aktuelle mål for kunst, kulturarv, kultur, idrett og friluftsliv i kommuneplanen

- 1.2. Midt-Telemark har ein sterk og aktiv frivillig sektor
- 2.7. Midt-Telemark er ein av landets fremste kulturkommunar
- 3.3. Innbyggjarane i Midt-Telemark har eit aktivt og helsefremjande liv
- 3.5. Alle har like høve til å delta i aktivitetar i samfunnet uavhengig av funksjonsnivå, sosial, kulturell eller økonomisk bakgrunn
- 4.4. Midt-Telemark har attraktive, verdifulle og tilgjengelege natur- og friluftsområde
- 4.5. Kommune, næringsliv og utdanningsinstitusjonar stimulerer saman til innovasjon og nyskaping

05

10 satsingsområde i kulturstrategien

Eit mål for kulturpolitikken er å bygge ein berekraftig grunnmur for gode tenester og eit mangfald av aktivitetar for alle, - og styrke identitet, tillit og samkjensle i den nye kommunen. I utkastet til kulturstrategi har arbeidsgruppa særleg prioritert satsingsområde som krev samarbeid og samskaping på tvers av sektorar - og mellom ulike aktørar. Kommunen kan ikkje løyse utfordringane og nå felles mål utan eit godt samarbeid internt og gjennom samskaping med innbyggjarane på mange ulike område og nivå.

1 Samskaping, kunnskap og utvikling

KS definerer omgrepet samskaping slik:

*«Samskaping innebærer prosesser der offentlige organisasjoner utvikler og produserer nye løsninger, tjenester og produkter sammen med de som skal bruke dem.. Slik kan kommuner, innbyggere, private, frivillig sektor og næringsliv gå sammen om å utforme framtidens kommune, ved å involvere og mobilisere samfunnets ressurser på nye måter.»*⁶

Midt-Telemark har Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) og Telemarksforskning lokalisert i kommunen. Kunnskap og forskning er av stor verdi for korleis kommunen kan utvikle tilbod og tenester. Det lokale næringslivet bidrar til fellesskapet gjennom sponsoravtalar, tilskot og andre bidrag. Frivillig innsats representerer ressursar og kompetanse som står sterkt i kommunen. Eit godt lokalsamfunn blir utvikla i eit tillitsbasert samspel mellom offentlege, frivillige og private aktørar. Det er fleire gode døme på slike innovative prosjekt i kommunen; Lifjell kunstsenter er eitt og forsamlingshuset Sjodar eit anna.

⁶ [Håndbok for samskaping, KS og USN \(2018\)](#)

Mål

Samskaping er ein naturleg metode for å utvikle tilbod og tenester.

Strategiar for å nå målet

- Sikre systematisk involvering for gode prosessar
- Samarbeide med kunst-, kultur-, forskings- og utdanningsinstitusjonar og lokalt næringsliv for auka kompetanse, kunnskap og innovasjon
- Prioritere kunnskapsdeling og innovasjon i samskaping for å nå felles mål

2 Berekraft og handlingsrom

FNs mål for berekraft legg føringar for politiske prioriteringar på alle samfunnsområde. Viktige mål for kulturområdet er t.d. ytringsfridom, eit fritt og uavhengig kunst- og kulturliv, kulturvern og fokus på det grønne skiftet. Det er viktig at ein kulturstrategi for Midt-Telemark kommune har ein tydeleg profil for berekraft. Les gjerne meir om kunnskapsstatus og praksisar i kultursektoren i ein rapport frå Telemarksforskning(2021)⁷.

Mål

Kunst, kultur og frivilligheit har rammer og handlingsrom for ei berekraftig utvikling av tenester og tilbod.

Strategiar for å nå målet

- Sosial, kulturell, klimamessig og økonomisk berekraft blir prioritert i tenester, aktivitetar og prosjekt
- Handlingsrom og rammer på kultur- og idrettsområdet for aktivitet, inkludering og samskaping, blir prioritert

3 Kunst- og kulturaktivitet i folkehelse

Fysisk aktivitet og ernæring ligg implisitt i folkehelseomgrepet. Det gjer ikkje kunst og kultur, og det er eit siktemål å løfte fram verdien av å delta i kunst- og kulturaktivitetar i for å oppnå betre folkehelse. Kultur er "limet" i samfunnet som gir individet opplevingar og moglegheit til personleg vekst. Deltaking i kulturaktivitet skapar fellesskap, mangfald, motverkar einsemd og styrker psykisk og fysisk helse hos barn, unge og eldre.

Mål

Kunst- og kulturaktivitetar er ein naturleg del av det førebyggjande folkehelsearbeidet.

Strategiar for å nå målet

- Styrke og utvikle Gullbring kulturhus - eit hus for folkehelse
- Styrke og utvikle folkebiblioteket - ein viktig lågterskel møteplass
- Styrke aktivitetar og arenaer for kunst- og kulturaktivitet

⁷ [Kultur og bærekraft: En kartlegging av kunnskapsstatus og praksiser i kultursektoren, TF-rapport 631/02.09. 2021, Kristine Persdatter Miland, Anne-Sofie Hjemdahl](#)

4 Inkludering

Inkludering krev ei samla og tverrfagleg tilnærming basert på kunnskap. Kva og kven snakkar ein om når ein snakkar om utanforskap? Det er viktig å vere presise og basere arbeidet og forståinga av desse omgrepa på kunnskap. Dei som fell utanfor i vid tyding, er ei gruppe som veks, jamfør trongare økonomi, ulike helseutfordringar, språk, kultur og livssituasjon. Det er avgjerande å ha tilstrekkeleg kunnskap for å legge til rette og å nå målgrupper med ulike utfordringar og behov. Friplassar, kontingentkasse, aktivitetskontakt og aktivitetskort treff godt, men det er behov for fleire verktøy i samarbeidet mellom kommunen og frivillig sektor. Eitt ledd i det å bli ein meir inkluderande kommune, kan m.a. vere å følgje retningslinjer i [vaksenopplæringslova](#).

Mål

Aktivitatar og arenaer er tilrettelagt og er opne for alle.

Strategiar for å nå målet

- Etablere nettside og koordinere oppdatert informasjon om fritidstilbod, arenaer og møteplassar
- Kommunens formålsbygg planleggast for å fungere som tilgjengelege, gode kulturarenaer og møteplassar
- Sikre gratis lokale til fritidsaktivitet for barn og ungdom i bygg kommunen eig eller leiger (jf. prinsippet om gratis halleige 6-19 år)
- Styrke samarbeidet mellom sektorar og frivillige internt og eksternt gjennom felles prosjekt og samskaping
- Koordinere, stimulere og sikre at fleire barn og unge deltar i fritidsaktivitatar

5 Stadutvikling

Kultur i tverrfagleg planlegging kan vere ein dynamisk inngang til samfunns- og stadutvikling.

Kulturplanlegging⁸ nyttar gjerne ein brei definisjon av omgrepet kultur og kulturelle ressursar der: «...kulturminner, lokale tradisjonar, kunst, underholdning, rekreasjon, medie- og kunnskapsindustri, sport, turisme, arkitektur og byforming» er inkludert. Dette er ei tilnærming Midt-Telemark kommune med hell har nytta i fleire prosjekt (jf. Bygdepakke Midt-Telemark og bolystprosjektet Rom for alle og Evjudalen). Det er naturleg å bygge vidare på erfaring og kompetanse frå desse prosjekta og frå andre satsingar som t.d. Evju Bygdetun og Levande Gvarv. Aktivitet i grendehus, ungdomshuset Sandvin og frivilligsentralane er andre døme.

Mål

Nye møteplassar, kunstnarfellesskap og tradisjonsrike kulturmiljø bidrar til aktivitet og opplevingar i nærmiljøet og styrkar identitet og lokal tilknytning.

Strategiar for å nå målet

- Prioritere kunst i offentlege rom som aktivum i stadutvikling
- Etablere nye og styrke eksisterande attraktive og berekraftige møteplassar, felles uterom og grøntareal i sentrumsutvikling og i utbyggingsprosjekt
- Kommunen skal ha ein rådgivande funksjon, dele kunnskap og legge systematisk og effektivt til rette for større arrangement, festivalar og andre innbyggjarinitiativ som skapar liv og attraktive stader

⁸ [Kulturplanlegging](#)

6 Bibliotek, litteratur og lesing

Biblioteket sine tilbud skal vere synlege, og nye tenester skal i auka grad utviklast gjennom samskaping. Å kunne lese, og å forstå det ein les er viktig for å kunne delta i samfunnet, og bidrar til betre folkehelse. Eit mål i strategien er å auke innbyggjarane sin lesekompetanse gjennom meir aktiv formidling der folk er. Det leggast opp til ei særleg satsing mot barn og unge, gjennom styrka samarbeid mellom skular/ barnehagar og folkebibliotek. Biblioteket følger opp gjeldande nasjonal bibliotekstrategi.

Mål

Biblioteket er ein viktig møteplass med auka besøk og utlån.

Strategiar for å nå målet

- Verne om gratisprinsippet i bibliotektenesta
- Styrke samarbeid mellom folke- og skulebibliotek; ein suksessfaktor i arbeidet med å auke leseferdigheiter
- Planlegge nytt tilrettelagt folkebibliotek; ein sosial møteplass for kunnskap, leselyst og formidling

7 Gullbring - eit regionalt kulturhus og senter for folkehelse

Gullbring skal vere eit leiande kulturhus i regionen med gode fasilitetar, ein trygg møteplass og eit attraktivt og godt tilbod innan scene, konsertar, kino, bad, idrett, undervisnings-, aktivitets- og møtelokale. Huset har eit estimert besøk på i overkant av 220.000 per år. Eksterne leigetakarar inkludert USN, bidrar innan folkehelse, idrett og kultur i kommunen. Huset har ein inkluderande profil, det er ope frå morgon til kveld for alle.

Mål

Gullbring kulturhus er regionens leiande kulturhus og senter for folkehelse.

Strategiar for å nå målet

- Legge til rette for eigne verksemder og leigetakarar som styrkar kulturhusets profil for kunnskap, kultur og folkehelse
- Oppgradering for å sikre attraktive og teknisk tilpassa lokale for kulturskole, kino, scene og idrett
- Oppgradering for å styrke Gullbring som eit attraktivt møte-, kurs- og konferansesenter
- Legge til rette for eit nytt folkebibliotek i tilknytning til kulturhuset

8 Kulturskole - musikk, dans, teater og visuell kunst for barn og unge

Kulturskolen skal vere ein trygg og sosial møteplass for barn og unge på tvers av krinsar, kjønn og etnisitet, og skal fremme læring, trivsel, meistring og det å høyre til. Kulturskolen skal samarbeide til dømes med SKI (integreringstenesta), skole og barnevern om plassar til barn og unge med særskilde behov, og med det frivillige kulturlivet om sal av tenester. Kulturskolen organiserer også UKM og DKS-tilbodet. Kulturskolen skal vere open og inkluderande og samtidig legge til rette for elevar med særleg interesse og motivasjon.

Mål

Fleire barn og unge deltar i kulturskolens tilbod og aktivitetar.

Strategiar for å nå målet

- Utvikle eit godt og treffsikkert undervisningstilbod basert på kunnskap og samarbeid. Tilboda skal representere både bredde og fordjuping
- Deltaking og eigen aktivitet i kunst- og kulturbaserte tilbod på ulike arenaer, stimulerer til utforsking, nysgjerrigheit og meistring – og kan slik bidra til å gi den enkelte elev, barn eller ungdom, verdifulle og unike erfaringar
- Kulturskolen har eit særskilt ansvar for undervisning og vidareformidling av folkemusikken og folkedansen

9 Idrett og friluftsliv - sterkt og levande

Idretten og friluftslivet i Midt-Telemark står sterkt, tufta på sterke frivillige organisasjonar. Det offentlege står for eigarskap og drift av idrettshallane, medan øvrige anlegg for idrett er i frivillige hender. Samanlikna med samanliknbare kommunar i Telemark er anleggsdekning per aktive medlem god, men det er noko potensiale for høgare utnyttingsgrad. Drift av friluftslivsanlegg er for det aller meste på frivillige hender og kommunen bidrar med parkeringsanlegg ved dei største turmåla og ved lysløyper. Midt-Telemark skårar elles svært lågt på nasjonale målingar på utgifter til idretten, samtidig som kommunen også har dei høgaste utleigeprisar for idrettshallar og gymsalar i fylket. Ein viktig føresetnad for å sikre deltaking i aktivitet, redusere utanforskap og fråfall, er å redusere tersklar for deltaking, som god tilrettelegging av anlegg, låge kontingentar/medlemsskap og aktivt samarbeid om inkludering.

Mål

Fleire barn og unge er fysisk aktive.

Strategiar for å nå målet

- Styrke samarbeid og harmonisering gjennom lik tilgang på lokale og prisar
- Stimulere til at lag og organisasjonar satsar på inkludering, ernæring, breidde, leik og allidrett
- Utvikle gode anlegg også for uorganisert aktivitet innanfor idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet

10 Kulturarv og kulturmiljø

Lokalhistorie, museum og kulturminne er viktige element i det å utvikle ein berekraftig kommune. Det er viktig å styrke og utvikle samarbeidet innanfor museumssektoren både strategisk, politisk og fagleg. Midt-Telemark Museum er eit museumsfagleg samarbeid mellom seks frivillige institusjonar innanfor kulturminne og museum. Kyrkja er ein sentral arena for formidling og inkludering, og forvaltar i tillegg dei tre mellomalderkyrkjene i kommunen. Vestfold og Telemark sin kulturstrategi prioriterer seks satsingsområde der Vikingvegen og mellomalder inngår under temaet Stadutvikling. Midt-Telemark kommune, kyrkja og Midt-Telemark Museum samarbeider med fylkeskommunen om utvikling og tilrettelegging av vandreruta mellom fire kyrkjestader og fleire store gravfelt på kyrkjestaden Gårahaug med særleg fokus på religionsskiftet i Noreg.

Mål

Kulturarv og kulturmiljø er prioriterte område i kommunens satsingar på attraktivitet, berekraft og folkehelse.

Strategiar for å nå målet

- Sikre kulturmiljø og aktiv berekraftig bruk av kulturarven gjennom revisjon av kulturminneplanen og samarbeid med Vestfold og Telemark fylkeskommune sin kulturstrategi
- Prioritere tiltak som bygger opp under formidling, rekruttering og kunnskap om hardingfela; identitetsmarkør og kommunevåpen
- Sikre formidling, kunnskapsoverføring og rekruttering til folkemusikk, folkedans, mattradisjon, handverk og husflid gjennom samarbeid med og støtte til aktørar og institusjonar
- Sikre aktiv formidling av kulturarven for å styrke identitet og inkludering, dette gjeld også nye innbyggjarar og kulturimpulsar
- Styrke nynorsk språk og dialektbruk gjennom oppfølging av kommunens målbruksplan og samskaping

06

Oppfølging

På bakgrunn av mål og strategiar blir det utarbeidd ein handlingsplan med tiltak som blir revidert årleg og som skal ligge til grunn for budsjettbehandlinga og økonomiplanen. Ved sidan av frivilligstrategien og temaplan for barn og unge, vil kulturstrategien vil vere eit godt grunnlag for ein ny temaplan for kunst, kultur, idrett og friluftsliv i tråd med kommunens planstrategi.

Einingsleiar for kultur og fritid med kulturteamet har ansvar for rullering og revisjon.

07

Referansar og kjelder

Referansar

1. Ung Data-undersøkelsen
2. Oppvekstprofilen og folkehelseprofilen for Midt-Telemark kommune 2022
3. Kommunal rapport – Kommunebarometeret
4. Kulturindeksen – Telemarksforskning
5. Idrettsindeksen – Telemarksforskning
6. Kultur og berekraft: En kartlegging av kunnskapsstatus og praksiser i kultursektoren, TF-rapport 631/02.09. 2021, Kristine Persdatter Miland, Anne-Sofie Hjemdahl
7. Håndbok for samskaping, KS og USN (2018)
8. Kulturplanlegging KRYSS

Kjelder

1. Samfunnsdelen til kommuneplanen, Midt-Telemark kommune 2019-2031
2. Status og utfordringar for Midt-Telemark kommune, Midt-Telemark kommune 2019
3. Interkommunal kulturminneplan for Bø og Sauherad 2016-2028
4. Frivilligstrategi Midt-Telemark kommune 2021-2025
5. Vestfold og Telemark fylkeskommune – kulturstrategi
6. Meld. St. 18 (2020–2021) - Oppleve, skape, dele — Kunst og kultur for, med og av barn og unge
7. Meld. St. 15 (2017–2018) - Leve hele livet — En kvalitetsreform for eldre
8. Nasjonal bibliotekstrategi 2020-2023 - Rom for demokrati og dannelse, regjeringen
9. FNs bærekraftmål, regjeringen
10. FNs Barnekonvensjon, regjeringen